26/27

ÅRSPLAN FOR SOLSIKKA BARNEHAGE



FORMELLE KRAV TIL BARNEHAGEN

Barnehagen si utforming og innhald er regulert av barnehagelova, rammeplanen og lova om barnevern.

Barnehagelova er ei lov som regulerer drift av barnehagar med utgangspunkt i eit tett samarbeid mellom barnehage og heim, samt eventuelt andre instansar.

Barnehagelova stiller òg krav til pedagogisk innhald, mål og vurdering. I årsplanen legg vi i Solsikka fram korleis vi driftar pedagogisk; våre visjonar og verdiar. Vi har valt å synleggjere korleis vi arbeidar med fagområda i rammeplanen gjennom ein progresjonsplan. Denne finn de seinare i årsplanen.

Barnevernlova har hensikt i å sikre barn hjelp dersom dei lev under forhold som kan skade helse og utvikling. Barnehagen har eit samfunnsansvar for å bistå i å oppdage, utrede og følgje opp barnevernssaker.

Solsikka har samarbeid med instansar som helsestasjon, PPT, skule, BUP, logoped, fysioterapeut og barnerehabeliteringa. I Vanylven kommune jobbar vi etter BTS-modellen og rutinane som ligg der.

> Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som allsidig utvikling (...)
>
> Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang (...)
>
> Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap.
> *(Barnehageloven §1 Formål)*



EIN GOD BARNDOM I GENERASJONAR!

I Solsikka ønskjer vi at alle barn skal ha ein god barndom; dette vil gjere dei sjølve til gode vaksne i framtida.
Saman med heimen skapar vi ein barndom med gode opplevingar og minner. **Der det er hjarterom er der tryggleik og omsorg.**
Personalet som er med på å gi ein god barndom er kreative, ansvarsbevisst og har evne til å sjå kvart enkelt barn!

Foreldrekontaktar for barnehageåret 26/27 er:

Julie Strand og Marius Brekke
Silje Strand og Espen Warberg (vara)

Denne årsplanen er godkjend i SU.

Kjelder:

Lov om barnehager
Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
Lov om barnevern
Vedtekene til Solsikka barnehage
Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø
Lokal rammeplan for Vanylven kommune
BTS-modellen i Vanylven kommune

Foto: Solsikka barnehage, Aleksandra Molvik

Følg oss på Facebook!



LITT OM OSS I SOLSIKKA BARNEHAGE

Ein årsplan er eit sentralt styringsdokument og gjennom denne skal vi vise korleis vi arbeidar gjennom året, og korleis vi oppfyll krav frå Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen. Årsplanen er også verktøy og dokumentasjon for eigar, personal, føresette, kommunen som tilsynsorgan og andre samarbeidspartnarar.

Solsikka er ein privateigd barnehage sentralt på Fiskå i Vanylven kommune. Vi starta opp 30.juli 2007 og har eit godkjend leike- og opphaldsareal på 325 m2. Barnehagen er fordelt på to bygg der storbarnsgruppene Skogskjegg og Skinntryte er i hovudbygget og småbarnsgruppa Småstork er på Gruvetoppen.

Vi organisera oss som ein blanding av base- og avdelingsbarnehage. Storbarnsgruppene har fellestid på morgon og ettermiddag, men delar seg i kjernetida. Solsikka er ein fullkostbarnehage der vi serverar barna frukost, lunsj og frukt kvar dag. Varmlunsj er omlag ein dag i veka. Vi er ein barnehage som er mykje ute og nyttar den flotte naturen rundt oss. Solsikka nyttar den digitale plattformen MyKid for informasjon, dokumentasjon og kommunikasjon for tilsette og føresette.

I år vert vi omlag 14 årsverk og 49 barn totalt i Solsikka. Vi gledar oss som alltid til å ta fatt på eit nytt barnehageår saman med alle barna og de føresette!

KONTORET

996 29 124 - Marta
marta@solsikka.no

478 92 851 - Alise
alisesolsikka@gmail.com

SKOGSKJEGG

413 85 238

SMÅSTORK

413 53 381

SKINNTRYTE

413 53 547











BARNEHAGEÅRET 26/27

AUGUST

Velkomen til eit nytt barnehageår! Vi brukar tida på tilvenning og bli kjende med kvarandre.

Plandag: 14.august

SEPTEMBER

Brannvernsveke v. 37. Vi øver på evakuering.

Fotografering: 18.september

Foreldremøte: 21.september

OKTOBER

Foreldresamtale med pedagog frå basa

Plandag: 14.oktober

NOVEMBER

Vi går inn i adventstida! Barna vert kjend med kvifor vi feira advent og jul.

Hugs påmelding for romjula!

DESEMBER

Vi markerar adventstida med Lucia, julebord og nissefest.
Ope i romjula for påmelde barn.

Vi ønskjer alle familiane ei riktig god jul!

JANUAR

Godt nyttår!

Plandag: 4.januar

FEBRUAR

Vi markera samefolket sin nasjonaldag 6.februar

Karneval 12.februar

MARS

Foreldresamtalar med pedagog frå basa

Barnehagedagen: 9.mars

Påskeopе for påmelde barn.

Plandag: 16.mars

APRIL

Påska er i mars i år, vi lagar påskelunsj med barna og lærer om kvifor vi markera påska.

MAI

Mini 17.mai

Sommarfest: 27.mai

JUNI

Avslutningstur og pysjfest for MAXI-gjengen

Plandag: 11.juni

JULI

Sommarope barnehage - begge bygga er felles

Solsikka har 20års jubileum i august!













ORGANISASJONSKART OVER SOLSIKKA



Marta Bøstrand
Styrar



Alise Rætta
Ass.styrar/pedagog

SMÅSTORK



Anne-Mona Reite
Pedagogisk leiar på dispensasjon



Hilde Sørdal
BUA



Janne Brekke
BUA



Solgun Hellebust
BUA



Siw Renate Storeide
BUA - delar av stillinga på Skinntryte



Synnøve Parr
Arbeidspraksis

Elias Nykrem og Ingunn Thunem har permisjon frå stillinga si

SKOGSKJEGG



May Kristin Krøvel
Pedagogisk leiar



Monica T. Rørhuus
BUA



Per-Ståle Hatlenes
Pedagogisk medarbeidar

SKINNTRYTE



Gudrunn Olivia Endal
Pedagogisk leiar



Jonas Aarsteinsen
Barnehagelærar -
delar av stillinga på Skogskjegg



Monica Berge
BUA



Elsa de Guia Berge
BUA



Ann-Helen T. Wang
BUA

Åse Vibeke Teigen og Celine Endal har foreldrepermisjon dette barnehageåret

VÅRE GODE, FASTE VIKARAR



Marianne Sandnes



Elise Sandvik



Ørjan Aaland



Melanie Myklebust



Marit Brudevik



Viktoriia Yakymchuk
Språkpraksis

ANNA INFORMASJON TIL FØRESETTE

Alle barn har rett på fire veker ferie i løpet av barnehageåret, der *minst tre av dei vekene må vere samanhengande om sommaren*. Dersom barnet har fri både jul og påske blir dette rekna som ei samanhengande veke. Om barnet ikkje tek fri jul og påske må den fjerde veka avviklast om sommaren eller ei anna samanhengande veke i løpet av barnehageåret.

Onsdag før påske, jul- og nyttårsafta er barnehagen stengd jfr. vedtektene til barnehagen.

Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengd og de finn datoane det gjeld i årskaldendaren 26/27 på neste side.

Solsikka brukar MyKid som digital plattform. Her har vi blant anna innsjekk/utsjekk av barn, fråværsregistrering, bileter frå barnehagen, kommunikasjon og informasjon ut til føresette. Føresette skal aktivt bruke MyKid til å legge inn fråvær på eigne barn og halde seg oppdatert på informasjon frå barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt, men ved bekymring rundt barnets omsorg- og livssituasjon kan dette utløyse meldeplikt til barnevernet. Det er fleire ulike formar for og grader av omsorgssvikt som kan gi grunn eller grunnar for oss til å melde til barnevernet. Melde- og opplysningsplikta til barnevernet vil alltid gå framfor teieplikta vår.

Vurderingsarbeid av progresjon

Vurderingsarbeidet i barnehagen skal bidra til å sikre at alle barn får eit godt og utviklande barnehagetilbod. Progresjonsplanen er eit viktig verktøy for personalet i dette arbeidet. Den gir oss ei felles retning for kva barna kan få erfaring med og korleis vi kan tilpasse innhald, aktivitetar og utfordringar etter alder, utvikling, interesser og føresetnadar.

Vurderinga av progresjon er ikkje ei vurdering av barnet, men av barnehagen sitt pedagogiske arbeid og læringsmiljø.

Fagområde	1-2 år	3-4 år	5-6 år
Kommunikasjon, språk og tekst	Gir vi eit rikt og variert språkmiljø gjennom dagen? Set vi ord på handlingar, kjensler og opplevingar? Er bøker, songar og samtalar ein naturleg del av kvardagen?	Legg vi til rette for gode samtalar i små grupper? Oppmuntrar vi barna til å uttrykkje eigne tankar? Brukar vi språkstimulerande aktivitetar systematisk?	Får barna utfordringar tilpassa sitt språknivå? Støttar vi utvikling av språkleg medvit? Skapar vi arena for refleksjon og samtale?
Kropp, rørsle, mat og helse	Får barna daglege rørsleerfaringar? Tilbyr vi tilpassa motoriske utfordringar? Fremjar vi gode matopplevingar?	Tilbyr vi variert fysisk aktivitet? Støttar vi barna i å prøve sjølve? Har vi fokus på meistring og glede framfor prestasjon?	Gir vi barna motoriske utfordringar? Fremjar vi positive haldningar til fysisk aktivitet? Arbeidar vi systematisk med helse og livsmeistring?
Kunst, kultur og kreativitet	Har barna tilgang til ulikt materiell? Får barna utforske og sanse?	Er det prosessen og opplevinga som står i sentrum? Får barna bruke fantasi og eigne idear?	Gir vi barna tid og ro til kreative prosessar? Får barna møte kunst og kultur frå ulike tradisjonar og kulturar?
Mengd, rom og form	Set vi ord på matematiske omgrep?	Brukar vi telling og samanlikning?	Gir vi barna utfordringar som fremjar resonnering?
Natur, miljø og teknologi	Legg vi til rette for sansing og utforsking?	Gir vi rom for undersøking og eksperimentering?	Får barna erfaring med natur- og miljøfagleg tenking?
Etikk, religion og filosofi	Skaper vi trygge relasjonar? Møter vi barna med varme og respekt?	Fremjar vi empati og inkludering? Tek vi barna sine spørsmål på alvor?	Gir vi rom for filosofiske samtalar? Synleggjer vi andre kulturar og tradisjonar på ein respektfull måte?
Nærmiljø og samfunn	Gir vi barna kjensle av tilhøyrsle? Blir barna introdusert for nærmiljøet?	Får barna medverke i kvardagen? Utforskar vi nærmiljøet med barna?	Legg vi til rette for deltaking og ansvar? Arbeidar vi aktivt med demokrati og fellesskap?

Dagsrytma vår i Solsikka barnehage

Vi har opningstid 07:15 - 16:30 i Solsikka. Gruvetoppen opnar 07:30 og stenger 16:15, men dei som har behov kan levere i Solsikka før og hente barnet der etter 16:15. Frukost startar vi med klokka 08:00 og alle som skal ete frukost i barnehagen må vere levert seinast 08:30. Vi ønskjer at barna har med ei drikkeflaske til barnehagen, hugs å ta med heim for ein vask!

Frå klokka 09:00 til 14:00 har vi kjernetid der vi byrjar med dagens samling og aktivitetar. Vi varierar dagane våre med blant anna tur, inne/uteaktivitetar, frileik, temaarbeid og andre aktivitetar. Vi ønskjer i hovudsak at barna er levert til kjernetida startar.

Mellom 11:00-11:30 startar vi med lunsj, og sovetid for dei minste etter måltidet. Siste måltid for dagen er frukt som blir servert rundt klokka 14:00.

Vi oppmodar alle føresette til å sjå over månadsplanane som basane gir ut på MyKid, samt vi ønskjer sjølvregistrering av fråvær der eller at basen får beskjed via SMS. På turdagar må føresette sjølv levere barnet på turmålet dersom barnet ikkje har blitt levert før vi går.



Kjekt å sjå deg!



Vi et frukost og har inneleik



Samlingsstund med basa vår



Dagens aktivitetar der vi er i barnehagen...



eller er på tur i nærmiljøet!



Lunsj - smørelunsj eller varmt måltid



Sovetid og kvile for dei minste...



og meir leik for resten



Frukt og etterkvart henting.
Takk for i dag!

Tilvenning

Før oppstart i barnehagen brukar vi å invitere nye barn og føresette på besøk. Å starte i barnehagen er ein spanande milepæl og tid for både barn og vaksne. Vi i Solsikka har stor respekt for at føresette levera frå seg det kjæraste de har til oss! Vi er opptatt av god og tydeleg dialog med føresette slik at barna får ein god oppstart i barnehagen. Dagane er prega av å bli kjende med kvarandre samt byggje relasjonar og tillit.

I tilvenningsperioda anbefalar vi at barnet har med eit tryggleiksobjekt, som til dømes smokk eller ein kosebamse. Det er veldig viktig at føresette tek ein tydeleg avskjed med barnet sitt og går når de har sagt "ha det!". Ver positiv til barnehagen ovanfor barnet og kommuniser til personalet om du ønskjer hyppige oppdateringar; ein trygg foreldre smittar over på barnet.

Alle barn er ulike, nokre sklir rett inn i barnehagekvardagen og andre treng å bruke meir tid på å kjenne seg trygg. Begge deler er like normalt! Vi anbefalar på generelt grunnlag å ta seg god tid til tilvenninga, og at barnet har kortare dagar i starten dersom føresette har høve til det.





Overgang barnehage og skule

Ein annan stor mileppæl i barnehagen er når barnet skal over i skulen. Gjennom barnehageåret har vi MAXI-gruppe ein dag i veka for skulestartarane våre. MAXI følgjer eigne planar og mål gjennom barnehageåret. Til våren startar vi samarbeid med Fiskå skule der vi har vår eigen overgangplan. Her er det både besøksdagar med komande kontaktlærar, 1.klasse, fadderar og besøk på SFO. Det er også eit foreldremøte mot sommaren på skulen.

Vi samarbeida med dei andre skulane i kommunen, men vi klarar ikkje diverre ikkje å ha like mykje møtepunkt der. Difor må føresette belage seg på å delta meir i overgangen dersom barnet krinsar til ein annan skule. Vi vil gjere alle føresette merksam på at det er bustad som avgjer barnet sin skulekrins.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Barn sin medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen gjere kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda *(Rammeplanen, 2017, s.55)*.

I Solsikka markerar vi nasjonaldagen for samane kvart år, vi er på turar i nærmiljøet og har eit fast opplegg med *Livsglede for eldre* der vi besøker omsorgssenteret på Fiskå. Vi har alltid fokus på at alle er ulike og at dette er positivt og ei styrke for samfunnet vårt.



MENGD, ROM OG FORM

Fagområdet mengd, rom og form handlar om å oppdage, utforske, skape strukturar og hjelpe barna forså samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna får utforske og oppdage matematikk i det daglege, i teknologi, natur, kunst, kultur og ved sjølv vere kreative og skapande *(Rammeplanen, 2017, s.53)*.

I Solsikka jobbar vi med fagområdet blant anna gjennom daglegdagse situasjonar, dekke og rydde av bord, ryddetid, matlaging, spel og ulike konstruksjonsleikar. Å finne løysningar og forstå samanhengar er også ein del av dette.

1-2 år

- Bli kjend med dagsrytme
- Sjå i bøker med antal, form og fargar
- Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståelse
- Bli kjend med 1-10 telling

3-4 år

- Meistre turtaking
- Sortere etter form, farge og storleik
- Ha byrjande forståing for tid
- Legge puslespel
- Byrjande forståing for reglar for leik og spel

5-6 år

- Kunne telle til 10
- Mengdeomgrep opp til 6
- Erfaring med volum og måling
- Namngje grunnformene
- Følgje og forstå spelereglar
- Byrjande forståing for klokka

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Fagområdet etikk, religion og filosofi ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynmangfald. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn (Rammeplanen, 2017, s.54)

I Solsikka markerar vi jul, påske og samane sin nasjonaldag. Vi legg til rette for undring og utforsking av filosofiske spørsmål, og ser positivt på mangfald. Kvardagen gir oss også etiske utfordringar som er viktig å undre seg over saman med barna.

1-2 år

- Oppleve omsorg og nærleik
- Introdusert for å dele, inkludere, takke og støtte
- Oppleve grunnleggjande verdiar
- Bli kjend med ulike kjensler

3-4 år

- Drøfte konflikt og samarbeid
- Få kjennskap til ulike tradisjonar
- Øve på å handtere utfordringar i kvardagen
- Utforske og setje ord på kjensler

5-6 år

- Skape gode samtalar om tema som er viktige for barna
- Øve på å ytre eigne meiningar
- Delta i problemløysing
- Byrjande forståelse for bakgrunnen til ulike høgtider

Samarbeid mellom barnehagen og heimen

I Solsikka gir vi tilbod om to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, ei på hausten og ei på våren. Samtalen blir gjennomført av ein pedagog knytt til basa barnet går på, og ein vil i hovudsak prate om barnets trivsel og utvikling her i barnehagen. Vi vil oppmode alle om å nytte seg av foreldresamtalane då det er eit fint høve til dialog med barnehagen i tillegg til levering og henting.

Eit felles foreldremøte blir gjennomført på hausten kvart barnehageår. Her går vi gjennom informasjon, og det er gjerne eitt eller fleire tema som blir løfta fram i plenum. På dette møtet vel vi også årets foreldrerepresentantar til FAU. Også her ønskjer vi å oppmode foreldre om å stille slik at familiane er godt representerte - samt det er eit godt høve å sosialisere seg med dei andre føresette i barnehagen.



FAU/SU

Dette er samarbeidsorganet og bindeleddet mellom foreldregruppa og barnehagen. Dette er eit flott høve for føresette å bruke sin rett til medverknad inn mot barnehagen! Ein kan til dømes melde inn saker angåande barnehagekvardagen som ein ønskjer skal inn til SU. SU skal også godkjenne årsplanen årleg.



Foreldrearrangement

Vi har omlag 2-3 foreldrearrangement i året. Dei siste åra har vi markert Barnehagedagen der vi inviterar foreldre inn til kaffe på ettermiddagen. Vi har ein fast sommarfest siste torsdag i mai som avslutning på barnehageåret vårt. Sommarfesten er i regi av FAU i samarbeid med barnehagen.

Foreldreundersøkinga

Solsikka nyttar seg av UDIR (Utdanningsdirektoratet) si foreldreundersøking. Denne kjem ut i januar kvart år, og ***ein foreldre per barn*** får invitasjon til å delta og sende inn svar. Foreldre kan gjerne site saman og svare, men sjølve innsendinga av undersøkinga vil altså vere frå den forelderen som har fått tilsendt lenkje til å delta.

Foreldreundersøkinga gir føresette høve til å seie si meining om korleis dei opplever barnehagetilbodet og barnet sin trivsel i barnehagen.
Di stemme betyr noko! Vi ønskjer at alle tek seg tid til å svare på undersøkinga. Når mange foreldre svarar får barnehagen eit breiare og meir truverdig bilete av korleis de foreldre opplever tilbodet vårt. Svara gir oss verdifulle tilbakemeldingar på det vi gjer bra, og peikar samtidig på område der vi kan bli betre. Foreldreundersøkinga er difor eit viktig verktøy for oss i arbeidet med å utvikle kvaliteten i barnehagen.



Lokal rammeplan for Vanylven kommune

Barnehagane i Vanylven kommune har saman utarbeida ein lokal rammeplan. Denne er godkjend av Livsløpsutvalet og blir revidert kvart femte år. De finn planen her.

Inkluderande barnehagemiljø

Solsikka og dei andre barnehagane i kommuna har ei ekstra satsing på eit inkluderande barnehagemiljø. Inkluderande barnehagemiljø går kort sagt ut på at vi har som mål ein barnehage utan mobbing og krenking. Alle barn har krav på eit godt og trygt barnehagemiljø.

Barn vil alltid teste ulik atferd, og det er heilt naturleg. Då er det av stor betydning at vi vaksne i barnehagen er tett på barna og rettleiar dei, samt ein heim som er aktive med å følgje opp. Vi skal stoppe og hindre at negative handlingsmønstre utviklar seg.

Tilsette har også ei skjerpa aktivitetsplikt jf Barnehagelova § 42. Det er difor særs viktig at både tilsette og føresette melder i frå om de har mistanke om mobbing og/eller krenking frå andre barn og vaksne. Vi ønskjer også tilbakemelding snarast til pedagogisk leiar dersom foreldre opplev eller har inntrykk av at barnet ikkje trivast i barnehagen slik vi kan undersøkje og setje inn tiltak om det må til og gjere det betre for barnet i kvardagen.

Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø

Solsikka har utarbeida sin eigen plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø. Relasjonar og relasjonsbygging er viktige områder som vi jobbar med i barnehagen. Det er alltid den vaksne som er ansvarleg for ein god relasjon med kvart enkelt barn, og legge til rette for gode relasjonar i barnegruppa. Relasjonar i forhold til barn og kvarandre er noko vi ofte kartlegg og reflekterar over i praksis, både som individ, base og i større perspektiv. Planen finn de her.











KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsle, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon *(Rammeplanen, 2017, s.50)*.

I Solsikka arbeida vi med kunst, kultur og kreativitet gjennom blant anna forming, musikk, teater, sangsamlingar og film. Barna utviklar rolleleik, songglede og evne til å dramatisere. Personalet legg til rette for eit leikande miljø, med eit variert utval av materiale samt tid og rom for skapande prosessar med barna.

1-2 år

- Introduksjon av sang, dans og musikk
- Bli kjend med ulike eventyr og forteljingar
- Rableteikning og fingermaling
- Bli kjend med dramatisering
- Bli kjend med late-som-leik

3-4 år

- Ha kjennskap til fargar
- Bli trygg på eiga sangstemme
- Nytte saks og lim
- Få delta i kultur og skape sin eigen barnekultur
- Utvikle rolleleik

5-6 år

- Songglede i overgong til skulen
- Oppleve og meistre ulike formingsmateriell
- Utvikle teikneferdigheiter
- Meistre rolleleik

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling *(Rammeplanen, 2017, s.52)*.

Hos oss i Solsikka legg vi til rette for at barna får eit mangfald av naturopplevingar både i skog og fjøre. Vi er opptatt av dyreliv og lære vekk dette til barna. Dette barnehageåret har vi ekstra fokus på fuglar i eit miljøperspektiv og andre miljøretta aktivitetar gjennom Grønt Flagg.

1-2 år

- Glede seg over naturen
- Erfare dei ulike årstidene
- Verte kjende med insekt og småkryp
- Bli introdusert for å plukke søppel i naturen

3-4 år

- Få kunnskap om dyreliv og kvar maten kjem frå
- Få gode naturopplevingar
- Få kjennskap til økosystemet vårt
- Plukke søppel i naturen
- Lære om naturfenomen

5-6 år

- Kjenne att spor og sporteikn
- Bruke naturen som læringsarena
- Få kjennskap til mennesket sin livssyklus
- Kjennskap til kjeldesortering og gjenbruk













BASANE VÅRE I SOLSIKKA BARNEHAGE

Småstork

Småbarnsbasa vår for 1-3 åringane heiter Småstork, og er på Gruvetoppen. Her er starten på barnehageløpet for dei yngste. Dagane til Småstork er prega av rutiner, tryggleik og mykje omsorg. Dei vaksne er alltid på golvet med barna og følgjer barna sine behov. Vi balanserar kvardagen vår mellom leik, aktivitetar og kvile. På Småstork søv barna ute i vognene sine. Vi ønskjer i utgangspunktet at de har med private sovevogner.

I år blir vi 13 barn på Småstork.

Skogskjegg og Skinntryte

Storbarnsbasene våre heiter Skogskjegg og Skinntryte og er for barn 3-6 år. Begge basane har to faste turdagar i veka. På storbarns fokuserar vi på venskap, sjølvstende, fellesskap og tryggleik. Vi har god blanding av planlagde aktivitetar og mykje frileik, samt undrar og utforskar vi mykje saman med barna.

MAXI er førskulegjengen i Solsikka som følgjer sitt eige opplegg torsdagar i år. Resten av barna er inndelt i Skinntryte og Skogskjegg denne dagen og følgjer eigne aktivitetar.

I år blir vi 18 barn på Skogskjegg og 18 barn på Skinntryte.



Arbeidsmiljø og ergonomi

I Solsikka arbeida vi kontinuerleg og systematisk for å skape eit trygt, inkluderande og utviklande arbeidsmiljø. Vi har fleire ergonomiske hjelpemiddel i barnehagen og har jamleg gjennomgang av korleis vi skal bruke kroppen vår på ein berekraftig måte. Gjennom open dialog, godt samarbeid, rettleiing og jamleg evaluering følgjer vi opp både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet.
Dei tilsette er barnehagen sin viktigaste ressurs, og kvaliteten i barnehagetilbodet blir i stor grad skapt gjennom menneska som arbeidar der. Eit arbeidsmiljø der personalet opplev meistring og tilhøyrsle er difor ein viktig føresetnad for kvaliteten i barnehagen, som igjen gir eit trygt og godt barnehagemiljø for barna.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

I barnehagen skal barna møte på ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling *(Rammeplanen, 2017, s.48)*.

Vi i Solsikka er opptatt av å skape eit språkstimulerande miljø med bøker, songar og å vere gode samtalepartnarar for barna. Personalet har gjennomgått ei kompetanseheving innan ASK (alternativ suppelerande kommunikasjon) som vi integrerar inn i barnehagekvardagen.

1-2 år

- Interesse for peikebøker
- Kjenne att namn
- Kommunisere, peike og respondere rundt bileter
- Få erfaringar med enkle songar og rørslesongar

3-4 år

- Enkelt fokus på blyantgrepet
- Ha eit repertoar av songar, rim og reglar
- Få kjennskap til bokstavar
- Vise interesse for høgtlesing
- Få erfaring med instrument og rytmer

5-6 år

- Større fokus på blyantgrepet
- Erfaring med ulike former for kommunikasjon gjennom rolleleik
- Følgje med på høgtlesing utan bileter
- Øve på å skrive namnet sitt

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Gode vanar som ein tileignar seg frå liten av kan vare livet ut. Difor er det viktig at vi som barnehagetilsette har fokus på dette! Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse *(Rammeplanen, 2017, s.49)*.

Solsikka er fullkostbarnehage, med fokus på variert og sunt kosthold. Vi har faste turdagar i veka, ein ny gapahuk er i produksjon og vi har eit stort uteområde. Barnehagen har også eit eige vassbasseng. I år har vi motorisk læring og rørsleglede som tema gjennom ReKomp, og kjem til å ha ekstra fokus på dette.

1-2 år

- Øve på å ete og drikke sjølv
- Utforske smak og mat
- Den gode samtala rundt måltidet
- Variert rørsleerfaring
- Byrjande handhygiene

3-4 år

- Dotrening
- Oppmodast til å smørje sjølv og byrjande bordskikk
- Øve på å kle på seg
- Utvikle dei motoriske ferdigheitene sine
- Vaske hender sjølv

5-6 år

- Utvikle sunt sjølvbilete
- Delta aktivt i måltidet
- Meistre påkledning og hjelpe andre
- Auka forståing for kropp og grenser
- Vite vegen frå mat til måltid

OVERORDNA PROGRESJON I FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Fagområde	1-2 år	3-4 år	5-6 år
Kommunikasjon, språk og tekst	Oppleve og uttrykkje	Samtale og fortelje	Reflektere og ha språkleg medvit
Kropp, rørsle, mat og helse	Utforske kroppen	Meistre rørsle	Utvikle ferdigheiter og helsevanar
Kunst, kultur og kreativitet	Utforske ulike materiale	Bruke fantasi	Bruke fantasi og kreativitet til å skape
Mengd, rom og form	Oppleve matematiske omgrep	Utforske og samanlikne	Resonnere og løyse problem
Natur, miljø og teknologi	Sanse og oppdage	Undre og utforske	Undersøkje og forstå
Etikk, religion og filosofi	Oppleve omsorg og tryggleik	Vise empati og undring	Reflektere over verdiar og mangfald
Nærmiljø og samfunn	Oppleve tilhøyrsle	Delta i fellesskap	Medverknad og byrjande forståing for samfunnet

Barnehagen skal leggje til rette for progresjon i arbeidet med alle fagområda i rammeplanen. Progresjon handlar om at barna får utvikle kunnskap, ferdigheiter, erfaringar og forståing gjennom opplevingar, leik, utforsking og medverknad.

Progresjon i barnehagen er ikkje det same som at alle barn skal meistre akkurat det same på same tidspunkt. Barnehagealderen er ei periode med stor og naturleg variasjon i utvikling; normalspennet kan vere stort!
Barn utviklar seg i ulikt tempo og har ulike styrkar og behov innanfor dei ulike områda.

Personalet skal ha eit utviklingsstøttande og inkluderande perspektiv, der ein tek utgangspunkt i det enkelte barnet og byggjer vidare på det barnet allereie kan og er oppteke av. Progresjonen innanfor fagområda skal sjåast i samanheng og vi skal difor arbeide heilskapleg slik at barna får erfaringar som støttar utviklinga deira på fleire område.

Målet er at alle barn, uavhengig av alder og utviklingsnivå, skal få oppleve at dei kan noko, dei får til noko og dei har noko å bidra med. **Ingen er gode til alt, men alle er gode til noko.** ❤️

ÅRSTEMA: FUGLAR

Dette barnehageåret har vi valt fuglar som gjennomgåande tema, med utgangspunkt i fagområdet natur, miljø og teknologi i rammeplanen. Vi ønskjer å bruke fuglane som ein spennande inngang til å utforske naturen, miljøet rundt oss og koreis vi menneske påverka naturen.

Gjennom året skal barna blant anna få bli kjende med ulike fugleartar gjennom årstidene, fuglane sine leveområder, mat, lydar og åtferd. Vi vil undre oss saman, lytte, observere og undersøkje kva som skjer i naturen gjennom dei ulike årstidene. Barna får bruke sansane og vere aktive i nærmiljøet, og vi legg til rette for at dei kan utvikle respekt og omsorg for dyr og natur. Basane vil jobbe ulikt med dette, og tilpasse det etter alder.

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider *(Rammeplanen, 2017, s.52)*.

Temaet i år er også knytt til barnehagen sitt arbeid med Grønt Flagg, der årets miljøtema er *fuglar og fugleliv i eit miljøperspektiv*.

Vi ønskjer at barna gjennom temaet skal få oppleve glede, undring og meistring i møte med naturen, samtidig som dei utviklar kunnskap og forståing for ulike fugleartar og fugleliv.



Grønt Flagg - miljø og berekraft

Solsikka skal i løpet av året arbeide mot å bli sertifisert som Grønt Flagg-barnehage. Gjennom Grønt Flagg ønskjer vi å styrkje det miljøretta arbeidet vårt og skape gode haldningar og vanar knytt til miljø, natur og berekraft. Arbeidet skal vere ein naturleg del av kvardagen i barnehagen, der barna får vere aktive deltakarar, medverke og erfare at dei kan gjere ein forskjell. Vi har oppretta eige miljøråd der nokre av dei eldste barna er med, og ein miljøhandlingsplan vi skal jobbe med.

Årets tema er *fuglar og fugleliv i eit miljøperspektiv*. Vi skal utforske fuglane i nærmiljøet, bli kjende med ulike artar og lære om kva dei treng for å leve og trivast. Gjennom prosjektet vil vil også nytte nærmiljøet som læringsarena, og kva menneskeleg påverknad i miljøet kan gjere. Vi skal undre oss saman, stille spørsmål, undersøkje og finne ut av ting i fellesskap. På denne måten kan arbeidet med Grønt Flagg bidra til å styrkje barna si nysgjerrigheit, utforskartrong, omsorg for naturen og kjensle av å høyre til i eit større fellesskap.

MILJØREGLANE VÅRE I SOLSIKKA BARNEHAGE



ReKomp - kompetanseutvikling

ReKomp står for regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen. ReKomp byggjer på eit samarbeid mellom barnehagar og universitet/høgskular; vi samarbeida med Høgskulen i Volda. Ordninga er eit verkemiddel for å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

I år skal vi ha motorisk læring og rørsleglede som tema i ReKomp. **Den vaksne er ein viktig rollemodell.** Vi kan skape rørsleglede ved å vere aktive saman med barna, vere nysgjerrige på kva dei får til, og leggje til rette for at alle kan oppleve meistring uavhengig av ferdigheitsnivå.

Når barn får utforske, prøve, feile og meistre ulike rørsler, utviklar dei ikkje berre motoriske ferdigheiter, men også sjølvtillit, kroppsmedvit og tru på eigne evner. Rørsleglede oppstår når barna opplever at det er kjekt, trygt og meinigsfullt å vere i aktivitet!



Tryggleikssirkelen og reperasjonssirkelen

I Solsikka støttar vi oss til og brukar tryggleikssirkelen og reperasjonssirkelen. Desse er gode metodar for oss vaksne til å møte barna med tryggleik, forståing og varme - også når situasjonar blir krevjande. Tryggleikssirkelen gir personalet eit felles språk og ei felles forståing av kva barn treng frå oss, både når dei har det godt og når dei strevar litt meir.

Reperasjonssirkelen minner oss om at relasjonar ikkje treng å vere perfekte. Alle kan miste tolmod, misforstå eller handle på ein måte som ikkje blei heilt riktig. Det viktigaste er at vi tek ansvar, set ord på det som skjedde og reparerer relasjonen. På den måten lærer barn at konfliktar kan løysast og at relasjonen kan bli trygg igjen.

Begge metodane handlar om å byggje sterke relasjonar, fordi trygge relasjonar er eit viktig grunnlag for at alle barn skal kunne utvikle seg, lære og trivast i barnehagen.















GRUNNSTEINANE I BARNEHAGEN

Leik

Barn sin leik er heilt sentral i barnets barndom og utvikling. I Solsikka tek vi leiken på den største alvor! Alle tilsette skal verne om leiken, vere eit støttande stillas for dei som treng det og vere ein naturleg deltakar og observatør av leiken.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og saman med andre *(Rammeplanen, 2017, s.20).* Personalet i Solsikka jobbar aktivt med leik i kvardagen og leikekompetansen sin gjennom til dømes plan/fagdagar, kompetansehevingspakkar og personalmøter.

Gjennom leiken får barn utforske, vere kreative og bruke fantasien sin. Dei lærer å samarbeide, dele, løyse konfliktar og forstå kvarandre. I leiken utviklar barna både språk, motorikk, sosial kompetanse og evna til å ta eigne val. Personalet i barnehagen skal fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik, samt rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster *(Rammeplanen, 2017, s.20).*

Leiken gir barna høve til å uttrykkje kjensler og bearbeide opplevingar på sin eigen måte. Når barn får leike fritt opplever dei glede, meistring og fellesskap.



Visste de at barn ikkje **"berre leikar"**?

Dei byggjer mot.
Venskap.
Språk.
Fantasi.
Omsorg.
Dei øver på å samarbeide,
tåle motgang,
finne sin plass
og tru litt meir på seg sjølv.

Dei byggjer seg sjølv opp.
Og vi er der, midt i det!

Omsorg

Omsorg i barnehagen er noko vi alle skal lære oss å gi og få. Vi skal forstå verdien i å ta vare på oss sjølve og kvarandre, samt bry oss om dyr og verda rundt oss. Omsorg er nøkkelen til tryggleik, noko som har står påverknad for vår psykiske og fysiske helse. Vi har fokus kvart år på personalet si evne til å "tune seg inn" på kvart barn og vere ei trygg hamn for alle.



Læring

Læring skjer over alt, og særskilt god leik i eit trygt fellesskap fruktar god læring. Gjennom forsking veit vi at aktiv leik bidreg til konsentrasjon og læring. Vi strekkjer oss alltid etter å ha ei god og bevisst blanding av frileik, planlagde aktivitetar og kvile i Solsikka.

Danning

Danning er det som sit att i oss når alt vi har lært er gløymt. Dette er evna til å røyse seg etter eit fall, og prøve på nytt når ein har feila. Danning er sjølvkjensle, verdiar og meiningar. I Solsikka passar vi på at alle får møte tilpassa utfordringar, både fysiske og sosiale.

Barns rett til medverknad og medbestemming

Det å kjenne på at ein kan påverke og forme sin eigen kvardag er viktig for alle. Barn sin rett til medverknad er forankra i barnehagelova. I Solsikka legg vi til rette for at alle barn får medverke i tråd med alder, utvikling, modning og dei individuelle føresetnadane sine. Vi strekkjer oss etter ein kultur for den gode samtalen med barna.
Men all medverknad skjer ikkje berre gjennom ord. For å sikre barna eit miljø prega av medverknad må personalet vere påkopla og engasjerte i kvardagen. Slik oppdagar vi ynskjer og meiningar som ikkje alltid kjem fram med ord. Vi kan sjå det i blikk, i leik og i usikkerheit. Observasjonar og evaluering av barnegruppa sin kultur skal stå for mykje av innhaldet i barnehagen.



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel *(Rammeplanen, 2017, s.22).* I Solsikka jobbar vi med sosial kompetanse gjennom heile barnehageåret i alt vi gjer, både kvardagssituasjonar og i pedagogisk planlagde aktivitetar.
Barnehagen skal vere prega av trivsel, leik og venskap. Ein skal lære seg å vere ein positiv deltakar fellesskapet samstundes som ein skal lære å handtere negative møter. Å kunne uttrykkje eigne meiningar samstundes som ein skal tolerere og lytte til andre sine er også sentralt i utviklinga av sosial kompetanse.